

Hei!

Eg heiter Therese Johnsen Klyve og eg arbeidar som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland.

I denne informasjonsvideoen vil vi gå igjennom aktivitetsplikta og endringar knytt til dette i ny opplæringslov.

Og eg er Tone Gjøl Gardsjord. Som Therese, så arbeidar også eg som seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren i Vestland.

Før vi går inn i sjølve tematikken skal vi raskt gi ei oversikt over kva tema vi skal gå igjennom i dag.

Aller først skal vi kort sei noko om det som er nytt i regelverket om eit trygt og godt skolemiljø. Deretter vil vi gå gjennom det som vidareførast frå tidlegare lovverk når det gjeld verkeområde, nulltoleranse og førebyggjande arbeid.

Ja, og deretter vil vi gå over til å sei noko om skolen si aktivitetsplikt. Og i tillegg til å ta for oss sjølve aktivitetsplikta, vil vi også kort sei noko om dei fem delpliktene.

Heilt avslutningsvis i videoen vil vi sei litt om plikta til å dokumentere.

Reglane om elevane sitt skolemiljø regulerast no i kapittel 12 i opplæringslova. Dette kapitlet er i hovudsak ei vidareføring av reglane om retten til eit trygt og godt skolemiljø, aktivitetsplikta og handhevingsordninga.

Ja, men sjølv om mykje vidareførast, så er det viktig å merke seg at det er gjort enkelte språklege og strukturelle endringar.

I tillegg til dei språklege og strukturelle endringane, er det også innført ein terskel for når rektor skal melde frå til skoleeigar, ved mistanke om at ein som arbeidar på skolen utsett ein elev for krenkande åtferd. Dette vil vi komme nærmare inn på når vi skal snakke om den skjerpa plikta til å melde frå, litt seinare i denne videoen.

Og i tillegg er det også gjort endringar i kva delplikter Statsforvaltaren skal vurdere i enkeltsaker som blir meldt til oss. Tidlegare vurderte vi alle delpliktene, no skal vi berre vurdere plikta til å setje inn tiltak. Dersom denne plikta er brote, skal vi som hovudregel berrepålegge kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Det er likevel viktig å understreke at skolen sine plikter er dei same som før.

I § 12-2 står det at «alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.»

Her ser de, der vi har markert teksten med gult, at omgrepet inkludering er lagt til i lovteksta. Og sjølv om omgrepet ikkje stiller nye krav til skolane sitt arbeid, bidreg denne endringa til ei meir dekkande beskriving av kva som skal til for at eit skolemiljø skal vere trygt og godt.

Regelen omfattar både det fysiske og psykososiale miljøet, men i denne videoen tar vi for oss det som gjeld det psykososiale miljøet.

Reglane i kapittel 12, om skolemiljøet til elevane, har same verkeområde som tidlegare. Altså gjeld dei framleis for skolen, leksehjelpeordningar og skolefritidsordningar. Som før, gjeld det også aktivitetar i regi av skolen som skjer utanfor skolen sitt område og på skolen sine digitale plattformer.

Forhold utanfor skolen kan likevel ha betydning for skolen si aktivitetsplikt, hvis det fører til at eleven opplever skolemiljøet som utrygt. Det kan til dømes vere at ei hending på trening eller på fritida gjer at ein elev opplever at det er vanskeleg å kome på skolen, eller å vere i klassen. I tillegg står skolevegen i ei særstilling, fordi retten og plikta til opplæring gjer at elevane må kome seg til og frå skolen.

Som før, skal skolen ikkje godta krenkjande åtferd, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Både fysiske og digitale krenkingar er omfatta av regelen.

Kva som blir rekna som ei krenking krevjar ei heilskapleg vurdering. Krenkjande åtferd kan vere både direkte handlingar og verbale uttrykk, men også meir indirekte handlingar som utestenging, isolering og baksnakking. Dette er ikkje ei uttømmande liste, og det finst derfor åtferd som kan vurderast som krenkjande, men som ikkje blir nemnt her.

Det skal vere ein låg terskel for kva som blir vurdert som ei krenking, men det betyr likevel ikkje at alle kritiske utsegn eller usemje er å rekne som krenkingar.

Nei, for når vi snakkar om at skolen ikkje skal godta krenkande åtferd, må det gjerast ei heilskapleg vurdering av om det objektivt sett har skjedd ei krenking eller ikkje.

Krenkingsomgrepet er altså objektivt.

Likevel er det viktig å vere merksame på at kva som opplevast som krenkjande kan vere ulikt frå person til person.

Som de ser til slutt her, så er det framleis eit krav i lova om at skolane skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

No skal vi gå igjennom sjølve lovteksten i paragraf 12-4, før vi skal sjå litt nærmare på dei ulike endringane.

«Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med** på korleis elevane har det, og om mogleg **gripe inn** dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal **melde frå** til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast **undersøkje** saka og **rette opp** situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå:

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.»

Som de ser her, er lovteksten hovudsakleg slik de kjenner han frå tidlegare, men det har kome nokre få språklege endringar. Som nemnd tidlegare er omgrepet «varsle» erstatta med «melde frå». Dette er gjort for at vi ikkje skal blande dette med varslingsomgrepet i arbeidsmiljølova. Denne endringa har ikkje noko å sei for rettstilstanden, men følgjer opp intensjonen om ei tydelegare og meir tilgjengeleg opplæringslov.

Ei anna endring som er viktig å legge merke til, er at det som omfattar vurderinga av eleven sitt beste og eleven si rett til å bli høyrd, er tatt ut av dette kapitlet og flytta inn i eit eige kapittel, nemleg kapittel 10. Dette er gjort for å vise at både vurderinga av eleven sitt beste og eleven si rett til å bli høyrd, skal vere grunnleggande omsyn i alt som omhandlar elevane. Altså skal desse omsyna *framleis* vere tungtvegande i arbeidet med å følge opp elevane si rett til eit trygt og godt skolemiljø. Dette vil vi kome tilbake til i ein annan rettleiingsvideo der vi vil gå nærmare inn på ulike bestemmingar i kapittel 10.

I tillegg til dette, er det kome inn ei formulering i kravet om å dokumentere, der det presiserast at skolen skal dokumentere i «den forma og det omfanget som er nødvendig». Dette kjem vi tilbake til seinare i presentasjonen vår, når vi skal snakke om dokumentasjonsplikta.

Her ser de ein illustrasjon av aktivitetsplikta som seier noko om korleis dei ulike delpliktene heng saman. Vi skal no sjå litt nærmare på kven dei ulike delpliktene gjeld for.

Pliktene til å følge med, gripe inn og melde frå, gjeld for alle som arbeider på skolen. Desse pliktene er individuelle og gjeld for alle som oppheld seg regelmessig på skolen, skolefritidsordninga eller leksehjelpeordninga. Det betyr at dei gjeld både for dei som er tilsett på skolen, *men også* for dei som av andre grunner oppheld seg regelmessig på skolen, utan at dei er tilsett der. Døme på tilsette som er omfatta av desse pliktene er vaktmeister, reinhaldspersonale, kantinepersonell eller PP-rådgjevarar. Vi vil likevel understreke at det krevst meir av tilsette som har ei omsorgsrolle overfor elevane, som til dømes lærarar, assistentar, fagarbeidarar og leiing, enn det krevst av tilsette med andre typar arbeidsoppgåver.

Aktivitetsplikta gjeld ikkje for personar som meir tilfeldig eller no og då er på skolen. Dette betyr at til dømes sjåførar som utfører skoleskyss eller hentar avfall ikkje er omfatta av desse delpliktene.

Når det gjeld pliktene til å undersøke og setje inn tiltak, er dette skolen sitt ansvar å følgje opp.

Det er skoleeigar som har det overordna ansvaret for at regelverket blir fulgt, men uttrykket «skolen» brukast her gjennomgåande for å vise tydeleg på kva nivå visse oppgåver skal utførast og kven som skal utføre dei.

Som før, har rektor eit personleg ansvar etter regelen, og kan straffast ved brot på enkelte av pliktene som er lagt på skolen. Vidare har rektor eit ansvar for å varsle skoleeigar i alvorlege saker, og dersom det er mistanke om at ein elev blir krenka av nokon som arbeidar på skolen.

Og no vil vi gå vidare til å sjå litt nærmare på kvar av delpliktene.

Då skal vi sjå nærmare på dei ulike delpliktene, og den første delplikta vi skal gå gjennom er plikta til å følgje med.

Plikta til å følgje med er viktig fordi denne delplikta dannar utgangspunkt for dei andre delpliktene.

Dersom ein ikkje får med seg kva som skjer, vil ein heller ikkje kunne gripe inn.

Plikta til å følge med gjeld for alle som på ein eller annan måte arbeider på skolen, også dei som ikkje er tilsett der.

Det å følgje med på korleis elevane har det, er ei forutsetning for at dei som arbeider på skolen skal få mistanke om- eller kjennskap til at ein eller fleire elevar ikkje har det trygt og godt på skolen.

Mistanke om- og kjennskap til at ein elev ikkje har det bra, utløyser dei andre delpliktene i aktivitetsplikta.

Samtidig inneber plikta til å følgje med, at skole og skoleeigar ikkje kan sei at dei ikkje visste eller kjente til at ein elev har hatt eit utrygt skolemiljø.

Plikta til å følgje med inneber til dømes at det blir gjennomført inspeksjonar på skoleområdet og tilsyn i aktuelle garderobar. Det skal vere ein låg terskel for å bry seg om kva elevane driv med.

Korleis det blir følgt med, må tilpassast den enkelte skole, alderen på elevane og samansettinga av elevgruppa.

Det er også viktig å merke seg at alle som arbeider på skolen har eit ekstra ansvar for å følgje med på elevar med ein særskilt sårbarheit. Dette kan til dømes vere forhold som

gjeld eleven sin religion, seksuelle orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, åtferdsvanskar, forhold ved eleven sine heimeforhold og familie, eller at ein elev tidlegare har opplevd å ha eit utrygt skolemiljø.

Da går vi over til den neste delplikta som er plikta til å gripe inn.

Denne delplikta handlar om å stoppe krenkingar som dei som arbeider på skolen sjølv er vitne til. Ofte vil det handle om å stanse negativ åtferd umiddelbart, til dømes ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse andre fysiske krenkingar, stanse ein utfrysingssituasjon eller stanse og irrettesette elevar som krenkjer andre elevar verbalt. Denne plikta gjeld for alle som arbeider på skolen, og heng sjølvstamt saman med at vi har ein nulltoleranse for krenkjande åtferd.

Som vi nemnde tidlegare, er krenkingsomgrepet objektivt, men om noko er ei krenking eller ikkje, er ikkje avgjerande for om skolen har ei aktivitetsplikt. Det er eleven si oppleving av skolemiljøet som er avgjerande for aktivitetsplikta.

Plikta er avgrensa til om den som arbeider på skolen har moglegheit til å gripe inn, både av omsyn til elevane og seg sjølv. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stanse situasjonen.

Den tredje delplikta er plikta til å melde frå, og som vi har nemnt tidlegare så har det her kome inn ei språkleg endring der omgrepet varsle er erstatta med å melde frå.

Plikta til å melde frå gjeld for alle som arbeider på skolen, og den dei skal melde frå til er rektor. Rektor kan delegere oppgåva med å ta imot disse meldingane til andre tilsette på skolen. Men, rektor vil likevel vere ansvarleg for at meldingane blir følgt opp med undersøkingar, og at det blir satt inn tiltak dersom dette er nødvendig. Rektor har også eit ansvar for å ha ei overordna oversikt over korleis skolemiljøet er på skolen, og meldingane kan vere eit utgangspunkt for det systematiske arbeidet med skolemiljøet.

Det kjem ikkje fram av lovteksten når ein skal melde frå, men for at plikta skal ha ei hensikt, må tidspunktet stå i forhold til alvoret i saka. Det må vurderast i kvar enkelt sak kor mykje det hastar med å melde frå. Det er viktig å vere merksam på at skolemiljøsaker ofte er tidssensitive, og at det derfor er viktig at skolane raskt tar tak i desse sakene.

I nokre saker er det nødvendig å melde frå til rektor med ein gang, mens det i andre tilfelle kan vere forsvarleg å vente litt lenger, til dømes til slutten av skoledagen eller til samarbeidsmøte skulen har ein gong i veka.

Som de ser av lovteksten, så skal ein melde frå til rektor dersom ein får mistanke om- eller har kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Terskelen for å melde frå skal altså vere låg. Ein mistanke om at en elev ikkje har det trygt og godt, kan basere seg på observasjonar av elevane, endring i ein elev si åtferd, undersøkingar eller kartlegging, beskjedar frå foreldre eller medelevar, aktivitet i sosiale medium osv.

Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle. Døme på kva som kan reknast som alvorlege tilfelle, er saker der krenkingane er særleg valdelege eller på andre måtar svært integritetskrenkjande. Eit anna døme kan vere når fleire elevar har mobba éin elev, dersom det foregår digital mobbing på tvers av skoler, eller der leiinga ved skolen over tid ikkje har klart å løyse saka. Dette er noko de må vurdere i kvart enkelt tilfelle.

I forlenginga av plikta til å melde frå, vil vi no sei litt om den skjerpa plikta til å melde frå, som vi finn i paragraf 12-5 i den nye opplæringslova.

Alle som arbeider på skolen, har ei plikt til å melde frå til rektor dersom dei får mistanke om at ein vaksen på skolen krenker eller har krenka ein elev. Som vi har snakka om tidlegare i denne videoen, så er krenkingsomgrepet objektivt. Det er altså ikkje slik at ei tilsett automatisk har krenka ein elev, sjølv om eleven opplever seg krenka. Men det er viktig å huske på at det kan vere ulik terskel for kva som opplevast som krenkjande, og i tillegg må skolen huske på at sjølv om det ikkje objektivt sett har skjedd ei krenking, så kan det likevel vere behov for å følgje opp eleven etter den ordinære aktivitetsplikta.

Når det gjeld den skjerpa aktivitetsplikta er det berre plikta til å melde frå, som blir nemnd i den nye opplæringslova. Lovteksten er altså forenkla fordi plikta til å undersøke og til å sette inn tiltak, også gjeld i desse situasjonane. Det er derfor ikkje nødvendig å gjenta at skolen må undersøke straks, og eventuelt setje inn tiltak.

Det går fram at det skal meldast frå «straks» i desse sakene. Det betyr altså at ein ikkje kan utsetje å melde frå, fordi *dersom* ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen, er dette så alvorleg at det ikkje kan vente.

Tidlegare skulle rektor melde frå til skoleeigar i alle saker der det var mistanke om, eller kjennskap til at ein vaksen krenka ein elev. Men, i nytt lovverk står det at rektor skal melde frå til kommunen/ fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbart grunnlaus. Det er altså innført ein terskel for når rektor skal melde frå til skoleeigar. Ei melding kan vere openbart grunnlaus dersom den heilt klart ikkje kan vere sann, eller dersom hendinga ikkje er ei krenking etter lova. Eit døme på at hendinga ikkje kan vere sann, er at den aktuelle tilsette ikkje var til stades då krenkingane skal ha skjedd. Irettesetjing av ein elev, fagleg usemje eller usemje om vurdering av eleven sitt arbeid, kan vere døme på situasjonar som ikkje er krenkingar etter lova.

Rektor **SKAL IKKJE** gjere ei omfattande undersøking av om meldinga er openbart grunnlaus eller ikkje, og terskelen skal vere høg for at rektor skal kunne sei at ei melding er grunnlaus. Dei tilsette har ikkje rett til å uttale seg om rektor skal melde vidare til skoleeigar, men dei skal få moglegheit til å uttale seg når skolen går i gang med å undersøke saka.

I motsett fall, når rektor vurderer at meldinga **IKKJE** er openbart grunnlaus, skal det meldast vidare til skoleeigar med ein gang. Det betyr likevel ikkje at rektor har avgjort at

meldinga er korrekt, tatt endeleg stilling til saka eller konkludert med at det har skjedd ei krenking. Det inneber **KUN** at meldinga skal meldast vidare, og undersøkast nærmare.

Vi minner om at det framleis er slik at dersom ein som arbeider på skolen får mistanke om at ein i leiinga krenker eller har krenka, skal det meldast direkte til skoleeigar.

Då har vi kome til den fjerde delplikta, nemleg plikta til å undersøke. Denne delplikta kjem vi til å gå grundigare igjennom i ein eigen rettleiingsvideo, og derfor seier vi lite om denne delplikta no.

Det vi likevel vil nemne, sjølv om vi også kjem tilbake til dette, er at skolane framleis har ei plikt til å undersøke saka snarast når ein får mistanke om- eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Det avgjerande er at skolen undersøker så grundig at ein klarer å finne tiltak som er egna til å betre situasjonen til eleven.

Også når det gjeld tiltaksplikta, vil det kome ein eigen rettleiingsvideo og derfor nøyer vi oss no med å minne om at skolen plikter å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen.

Og så er det viktig å merke seg at det ikkje er avgjerande at eleven blir utsett for mobbing eller anna krenkande åtferd, fordi det er eleven si eiga oppleving som har betydning for om skolen plikter å setje inn tiltak.

Vi vil også minne om at skolen på eige initiativ skal setje inn tiltak, dersom undersøkingar viser at det er behov for dette. Eleven eller foreldra treng altså ikkje *be* om tiltak, og skolen treng heller ikkje *samtykke* frå eleven eller foreldra for å setje i gang tiltak. Likevel er det viktig å huske eleven sin rett til medverknad, og å legge til rette for at eleven blir høyrd. I tillegg må skolen heile tida huske på å ha med seg vurderinga av eleven sitt beste.

Som tidlegare, skal skolen framleis lage ein skriftleg plan når det skal setjast inn tiltak i ei skolemiljøsak. Årsaka til at det er viktig med ein slik plan, er at den skal fungere som eit **styringsdokument** for skolen. I tillegg skal planen bidra til å **trygge eleven og foreldra** om at skolen tar saka på alvor, og synleggjere kva som skal gjerast for å avhjelpe situasjonen.

Ein slik plan skaper **forutsigbarheit, og gjer det også enklare å evaluere og etterprøve tiltaka.**

Her ser de minimumskrava til kva den skriftlege planen skal innehalde, og her er det ingen endringar frå tidlegare. Det skal altså kome fram av planen kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skolen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg og når tiltaka skal evaluerast.

Husk at det må vere samanheng mellom det som kjem fram av undersøkingane, og dei tiltaka som setjast inn. Dette skal vi sei litt meir om i rettleiingsvideoen om tiltaksplikta.

Skolen må i tillegg til å lage ein aktivitetsplan, dokumentere korleis delpliktene i aktivitetsplikta faktisk blir oppfylt.

Formålet med dokumentasjonen er å bidra til effektive arbeidsprosessar og rettstryggleik for elevar og foreldre. I tillegg er dokumentasjon av delpliktene viktig i dei sakene som skal overprøvast av Statsforvaltaren, enten i enkeltsaker gjennom handhevingsordninga eller gjennom tilsyn.

Nytt i lova er at det er presisert at skolane skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette er ei formulering som har komme inn for lette skolene sitt arbeid med dokumentasjonsplikta. Kor mykje og kva som skal dokumenterast må vurderast i kvar enkelt sak, men eit minimumskrav er at skolen må dokumentere på ein sånn måte at elevar og foreldre forstår, og kan setje seg inn i kva som blir gjort i saka.

Då gjenstår det bare å minne om at det er mogleg ta kontakt med oss via våre nettsider eller på vår kontakttelefon som er open måndagar frå tolv til to, og andre kvardagar frå ti til to. Telefonnummeret dit er 90915045.

Takk for no!